



# Ta vare på dei gardsnære beiteareala

Forfatter

Yngve Rekdal, Norsk inst. for skog og landskap

Sammendrag

Dei gardsnære beiteareala er ein viktig fôrressurs, det er areal som betyr mykje for biologisk mangfald og det er vakre areal som er viktige for opplevinga av bygdlandskapet. For landbruket er dette strategisk viktige areal å skjøtte. Gror desse beiteareala til vil det vera lett å stille spørsmål kring næringa si evne til å produsere kulturlandskap. Men det ligg store utfordringar kring skjøtselen her.

Publisert

2010

Referanse

Sau og Geit nr. 2/2010

Utskriftsdato

22.07.2019 [www.fag.nsg.no](http://www.fag.nsg.no)

# Ta vare på dei gardsnære beiteareala



Lang tids kultivering og lite gjødsel gjer at mange lågtveksande urter finn si nisje i det lysopne beitelandskapet. (Foto: Y. Rekdal).

*Dei gardsnære beiteareala er ein viktig fôrressurs, det er areal som betyr mykje for biologisk mangfald og det er vakre areal som er viktige for opplevinga av bygdlandskapet. For landbruket er dette strategisk viktige areal å skjotte.*

Gror desse beiteareala til vil det vera lett å stille spørsmål kring næringa si evne til å produsere kulturlandskap. Men det ligg store utfordringar kring skjøtselen her.

## **Produktive, grasrike areal**

Den typiske arealfordeling i jordbrukslandskapet i dalar og langs fjordar i landet vårt, er at den dyrka

marka ligg i dalbotnar eller på strandflater. I librotet der dalsidene reiser seg, kan ikkje traktoren nå lenger fordi det er for bratt for kjøring eller ras frå liene har gjort det for steinrikt til dyrking. Her ligg ofte eit belte av kulturmark som har vorte til gjennom rydding, beiting, tidlegare ljåslått og gjødsling. Overgangen til mindre kulturprega utmark er ofte gradvis. Slik mark blir gjerne klassifisert som *innmarksbeite* i gardskart og i markslagsdelen av Økonomisk kartverk.


Areal nedst i lisdene kan vera svært produktive da næringsrikt sigevatn ofte slår ut her. Litt heva over kaldluftstraumar i dalbotnen, vil det også kunne vera eit svært godt lokalklima. Lang tids kultivering har gjeve *innmarksbeita* eit sterkt kulturpreg med god grasbotn. Glissen tresetting med godt oppkvista tre kan førekoma. I busksjiktet finn ein ofte spreidd einer.

## **Ein stor fôrressurs**

Høg produktivitet gjer at desse areala representerer ein stor fôrressurs som kan haustast av dyr, utan at det er lagt ned store dyrkingskostnader. >>



Held ein ikkje oppe beitetrykket kjem veksekraftige, høgtveksande urter og bregner inn og skuggar ut graset. (Foto: Y. Rekdal).



Skal dei gardsnære areala takast vare på, er utfordringa å skape rasjonelle beitehamner på langs etter lia på tvers av eigedomsgrensene. Her frå Valle i Setesdal. (Foto: O. Puschmann).



Innmarksbeita ligg ofte i librotet ovafor fulldyrka mark som her frå Sogndal. (Foto: Y. Rekdal).

Der det er godt sigevatn kan hausting av god avling skje år etter år utan tilføring av næring. 50-100 føreiningar per dekar kan ein heilt sikkert rekne, og mykje meir på dei beste areala. Dette kan spare beiting på store areal av den dyrka jorda, som dermed kan brukast til produksjon av vinterfôr eller åkervekstar.

### Høgt biologisk mangfald

Kultiveringa av dei gardsnære beiteareala er ikkje så intensiv som på det fulldyrka arealet, og ofte er marka lite gjødsla ut over det husdyra tilfører. Der areal har vore i langvarig hevd finn ein eit høgt mangfald av artar, ikkje minst lågtveksande urter og beitesoppar, som er tilpassa beiting og det lysopne miljøet dette skapar.

### Vakre areal

Karakteristisk for innmarksbeita er parkpreget som dei fleste av oss opplever som vakkert. Da desse areala ofte ligg litt heva over jordbrukslandskapet elles, er dei godt synlege og svært viktige for opplevinga av bygdelandskapet. Den gradvise overgangen til utmark gjev landskapet mjuke liner, i motsetning til det ein no ofte ser, at skogen står som veggjar mot dyrka mark og gardstun. Innmarksbeite er areal som det er fint å ferdast i da det her er godt framkomeleg, og den litt heva plasseringa gjer at ein her gjerne kan sjå bygda. Å ferdast på langs av liene er ofte vanskeleg på grunn av eit utal av gjerde som må klivast. Å legge til rettes for ferdast her, vil i mange

bygder tilføre ein attraksjon både for tilreisande og lokalmiljøet.

### Organisering av beite

Det ligg store utfordringar i å greie og halde ved like dei gardsnære beiteareala. Dette av di beitande dyr er viktigaste reiskapen for å ta vare på desse. Husdyr begynner det å bli lite av i mange bygder, og mange stader blir dyra haldne mest på det fulldyrka arealet. Utviklinga innan dei grovføretande husdyrslaga er som elles i landbruket at buskapane blir større og bruka færre. Eigdomsstrukturen i norske bygder er ofte slik at det går smale teigar frå dalbotn til fjellet. På den måten blir innmarksbeitet delt opp i små teigar som kvar for seg er for små for store buskapar. Skal vi ta vare på innmarksbeita må det organiserast rasjonelle einingar på langs av dal-sidene og på tvers av eigedomar. Det må samlast nok dyr til å halde eit beitetrykk som held attgroinga tilbake. Her ligg det ei stor organisasjonsutfordring, da mange bruk ikkje har husdyr lengre og fleire av desse bruka er eigd av folk som ikkje bur i bygda.

### Beitesystem

Sauen er den viktigaste kulturlandskapsarbeidaren vi har, ikkje fordi det er den beste, men det er sau det er mest av. Sau på innmark heile sommaren bør ikkje vera målet, det vil gå utover tilvekst og føre til oppsamling av snyltarsmitte i marka. Ei ideell beiteordning vil vera ei god avbeiting

med sau tidleg om våren, før fjell-sending. Sidan kan storfe og hest beite her sommarstid. Sauen kan igjen koma inn utover hausten med dyr som ikkje har så høge forkrav. Sauen åleine kan ha problem med å halde kultiveringa ved lag, særleg på frodige areal. Det er viktig at storfe er til stades, da desse har større trakkeffekt og et grovare planter. Beiting med fleire dyreslag vil gje betre beiteutnytting, betre kultivering og minske smittepresset.

### Nye beiteareal

Frodige utmarksareal som er dominert av urter eller bregner, kan lagast om til gode beite ved å rydde tre- og busksjikt og sleppe på mange beitedyr, så det blir eit høgt beitetrykk. Urter og bregner er ofte trakksvake. Hard beiting med storfe tidleg i sesongen, saman med såing av beitefroblanding i dei såra dyra skapar i marksjiktet, vil over nokre somrar kunne gje ein fin grasbotn. Ei slik kultivering av rik utmark bør i mange høve kunne vera eit godt alternativ til fulldyrking. Fattig mark bør ein ikkje gå laus på utan å tilføre gjødsel. Areal som tilfredsstillar krava til *innmarksbeite* kvalifiserer til produksjonstilskot, dersom dei blir inngjerda.

Ei fin brosjyre kring dette temaet er utarbeidd av beiteprosjektet i Agder og Telemark, og er å finne saman med mykje anna materiale på nettstaden [www.beitedyr.no](http://www.beitedyr.no)

Yngve Rekdal,  
Norsk inst. for skog og landskap